

NRK Nynorsk mediesenter

Status per 23.06.2010



Svært mange gode søkjarar

Trass i dårlege tider i media var det femti søkjarar til trettande kullet med nynorskpraktikantar, og det var mange svært gode kandidatar. Vi kunne utan problem ha tilsett to kull denne gongen, og håpar mange søkjer på nytt 15. oktober.

- Per dags dato har vi lært opp 60 nynorskpraktikantar og 40 av dei er i NRK. Totalt har 78,4 % av dei vi har sendt frå oss arbeid i media. Dei klarer å klare seg fast og det er vi glade for, seier Magni Øvrebotten, leiar for NRK Nynorsk mediesenter.

Ho tykkjer framleis det er langt fram før dei leiarane som tilset folk tenkjer på at dei manglar nynorskbrukarar. Det skjer berre unntaksvis, sjølv om mange redaksjonar er mest kjemisk fri for nynorskfolk. - Så lenge dei færraste ser samanhengen mellom nynorskbrukarar og nynorskprosenten i NRK, kjem vi til å få kjeft frå Medietilsynet og generalforsamlinga fordi vi ikkje oppfyller målet om 25 % nynorsk i alle kanalar og på nettet, seier Øvrebotten.

Det ekstra gale på nettet og det er eit mål for NRK Nynorsk mediesenter å få tak i og lære opp folk som er særleg interesserte i å bli nettjournalistar.

- Alle snakkar om at ungdomen brukar nettet til alt, men førebels er det ikkje rift om å bli nettjournalistar. Det er framleis kjekkast med radio og fjernsyn. Men på det siste kullet var alle fem raske med å hive seg rundt når noko kunne bli ei nettsak. Vi håpar det held fram, seier Magni Øvrebotten.

Trettande kullet



Frå venstre: Vegard Troøyen Foseide, Karl Kristian Langeland, Hilde Zahl, Hans Henrik Løken og Hans Kristen Hyrve.

Måndag 23. august byrjar kull 13 på opplæringa i Førde. Dei er ferdige til 1.mars neste år. Her litt om bakgrunnen deira:

Vegard Troøyen Foseide, 1984, frå Fræna i Møre og Romsdal. Lærarstudent med faga nordisk og spansk. Nestleiar i styret for Changemaker (Kirkenes Nødhjelp sin ungdomsorganisasjon)

Flytta til Orkdal då han var ferdig på ungdomsskulen og møtte mykje motstand på grunn av dialekten og nynorsken. Vart aktiv målungdom. - Nynorsken har forma dei vegane eg har gått og gjort meg oppteken av språk og rettferd også i eit større perspektiv, seier Vegard Troøyen Foseide.

Karl Kristian Langeland, 1984, frå Hellesylt i Møre og Romsdal. Avsluttar ein BA i medievitskap ved Universitetet i Oslo denne våren. I studiet har han både kinesisk språk og kultur og fransk språk og kultur.

Langeland er redaksjonsleiar for portrettprogrammet RY i Radio Nova, studentradioen i Oslo og politisk aktiv i Oslo Senterungdom. - *Eg har alltid vore ein forteljar og har hatt lyst til å bli journalist frå eg var liten. Og nynorsk er språket mitt*, seier Karl Kristian Langeland.

Hilde Zahl, 1982, frå Bryne i Rogaland. Vikarlærer ved Rosseland skule på Bryne. Studert psykologi og Europastudiar, med spesialisering i italiensk. Har hatt fleire lengre opphald i Italia. Var aktiv i Studentradioen i Bergen, og har arbeidd med alt frå kjøp og sal av tog til klassiske herrekle i Roma. Svært oppteken av musikk.

- *For meg er det viktig å bruke ein ungdommeleg nynorsk, og gjere mitt for at unge folk ikkje skal tru at dei må bruke bokmål for å vere kule*, seier Hilde Zahl.

Hans Henrik Løken, 1988, frå Odda i Hordaland. Siste åra har han vore journalist i Hardanger Folkeblad og Radio Folgefonn. Har dekkja både smått og stort i dekningsområdet til lokalavisa og nærradioen, men sporten ligg hjartet nærast.

- *Eg er sikker på at eg vil bli journalist, og no er tida komen for å gå skulevegen og lære meg journalistfaget. Hadde tenkt å søkje ei av journalistutdanningane, men Egil Torheim, ved NRK sitt lokalkontor i Odda, rådde meg til å starte med NRK Nynorsk mediesenter*, seier Hans Henrik Løken.

Hans Kristen Hyrve, 1985, Skjåk i Oppland. Nett ferdig med mastergrad i Russlandskunnskap. Masteroppgåva handla om oppblomstringa av russisk pornografi etter Sovjetunionens fall. Aktiv visesongar og gitarist, politisk engasjert og aktiv i Radio Nova, studentradioen i Oslo, som journalist, tekniskar, produsent og tidvis programleiar i samtidskunstprogrammet Neu.

- *Eg er frykteleg glad i nynorsken og synst det er stussleg at det er så få med mi dialekt i media. Eg ynskjer å arbeide der, skrive nynorsk og snakke nordgudbrandsdalsdialekt, og føler praktikantkurset er som sendt frå himmelen*, seier Hans Kristen Hyrve.

- Vi er godt rusta!

Kull 12 er ferdige som nynorskpraktikantar 30. juni, og framtida vert avklara i desse dagar. Det var mykje vellæte å høyre om dei då Magni Øvrebotten nyleg besøkte redaksjonane, der dei er i ekstern praksis, difor reknar ho med at det ordnar seg med arbeid for alle.

Kristin Vestreim har fått vikariat i musikkredaksjonen i NRK P2 ut året. Mari Langva har fått seg sommarjobb i NRK Trøndelag og Ingvil Aaen Torpe på yr.no og ut.no. Astrid Grov har fått tilkallingskontrakt med NRK Dagsnytt frå hausten av.



Frå venstre: Mari Langva, Ingvil Aaen Torpe, Kristin Vestreim, Gunn Evy Auestad og Astrid Grov

Mari Langva, i praksis i NRK Trøndelag:

- Som nynorskpraktikant har eg lært utruleg mykje og fått utfordra meg sjølv innan både nett, radio og TV. Det har vore både frustrerende og vanskeleg til tider, med ei svært bratt læringskurve. Samtidig har det vore utruleg kjekt og motiverande å sjå kor mykje ein kan lære på kort tid. I tida som praktikant er eg blitt sikker på at eg vil bli journalist. Eg har verkeleg fått prøve meg i yrket.

Ingvil Aaen Torpe, i praksis i NRK Hordaland:

- Tida i Bergen har gått veldig fort. Eg trivst godt og har fått gjort veldig mykje forskjellig. Først og fremst som videojournalist, men eg har òg fått jobba på nett og radio.

I sommar har eg fått jobb som nettreporter på yr.no og ut.no og det ser eg veldig fram til. I mine auge må jo det vere ein av dei beste sommarjobbane ein kan ha. I tillegg har eg fått jobb med regi på ein dokumentarserie for TV 3.

Det kjem eg til å halde på med ei stund utover hausten, men eg håpar å kome tilbake til NRK etter det.

Kristin Vestreim, i praksis i musikkredaksjonen i NRK P2:

- Det nærmar seg faretruande slutten på tida som praktikant her på Marienlyst. Har hatt ei heilt fantastisk tid her og lært utruleg mykje. Det beste har vore all tilliten dei har vist meg, og at eg har fått prøve meg på ukjent terreng meir enn ein gang.

Gunn Evy Auestad, i praksis i NRK Sporten:

- Livet som nynorskpraktikant er framleis ein fryd! Eg gler meg til jobb kvar dag, og får varierte og utfordrande arbeidsoppgåver på alle plattformer.

At den seks månadar lange praktikantperioden er over om ei veke, vil eg helst ikkje tenkje på. Sommarferie har aldri freista mindre. Men eg lever i håpet om å få kome tilbake att til hausten, då som tilkallingsvikar.

Astrid Marie Grov, i praksis i NRK Dagsnytt:

- Den siste tida har eg vore på desken i Dagsnytt, og det har vore veldig lærerikt.

Her får eg meir tempotrening enn i reportasjegruppa, og det kan vere ganske hektisk til tider. Det er rart å tenkje på at praksistida snart er over, og at eg no skal stå på egne bein. Men praksisen på mediesenteret har gjort meg godt rusta!

Nye kurs

Hausten 2010 kjem vi til å utvikle ein ny type kurs, mellom anna i kriseberedskap, i tillegg til at vi framleis sel og held dei andre kursa vi har. Det er fleire både organisasjonar og bedrifter som ser at det er viktig å trene på krisehandtering, og vi kan ruste dei til å møte det massive medietrykket som alltid er der når kriser skjer.

Fleire har også fått opp auga for kurset i journalistisk skriving for Internett. Her får deltakarane nyttige innspel til korleis dei kan tenkje meir journalistisk når dei skriv tekstar, og elles presenterer stoffet på nett. Kurset inneheld også mykje praktisk trening med tilbakemelding på saker som deltakarane jobbar med dagleg. På den måten blir kurset svært matnyttig.



Nettkurs hjå Fylkesmannen i Hordaland juni 2010

Nye og gamle kundar

I den siste tida har fleire nye namn dukka opp på kundelista vår. Dei kjem frå offentlege instansar, men også private verksemdar. Dette er sjølvstøtt svært gledeleg. På kundelista finn vi også mange trufaste kundar som bestiller kurs år etter år.

Av bestillingane framover ser vi at kurset "God nynorsk" held stand, men også medietrening er populært. Stadig fleire ser verdien av å ha "tørrtrening" litt før media står på døra og vil ha intervju. Vi ynskjer å bu folk på at det er enklare å førebu seg til møte med journalistane, eller å prøve å verte kvitt dei.

Vi held fram med å skreddarsy kurs for brukarane, og har allereie no starta å føre opp kurs for hausten. Det seier kursansvarleg Wenche Schanke Eikum. Så dersom nokon ynskjer kurs anten til hausten eller neste år, er det berre å ta kontakt.

På nettsida vår www.nynorskmediesenter.no finn du meir om kursa våre, kurshaldarane og tilbakemeldingar frå dei vi har kursa.

Astrid Brekken får nynorskpris for journalistar

Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar går i år til NRK-journalist Astrid Brekken (67). Prisen vert delt ut under Dei nynorske festspela i Ørsta 25. juni. Det er femte gongen prisen vert delt ut.

Føremålet med prisen er å fremje bruk av nynorsk i media, og årleg ære ein dyktig journalist som er eit føredøme for andre.

Prisen går til ein journalist som har utmerka seg med bruk av levande og god nynorsk i media, og som gjennom arbeidet sitt har gjeve nynorsken status og innpass på nye område.

Astrid Brekken er i dag mest kjend frå P2-programma "Sånn er livet" og "På livet laus".

Ho var også med og drog i gang vekebladet Sirene i 1973, var redaktør i Syn og Segn 1980-83 og har vore aktiv i alt frå Norsk Språkråd og Norsk Kvinnesaksforeining til Forum for Systemdebatt. Sidan 1976 har ho også drive heimegarden i Lesja, attåt jobben i NRK.



Frå juryen si grunngjeving for prisen:

- *Astrid Brekken har i ein kvinnealder vore markant til stades i norsk samfunnsdebatt på mange arenaer, og heile tida har ho hatt eit svært medvite forhold til nynorsk.*
- *Ho er ein nyfiken og intellektuell journalist, oppteken av korleis vi lever liva våre i både bygd og by, lokalt og internasjonalt.*
- *Astrid Brekken er eit naturleg førebilete for yngre kollegaer, og nyt stor respekt i NRK, utan å framheve eigen kunnskap og dugleik. Ho har heile tida nytta ein nynorsk med Brekken-signatur; sobert, og med eit svært medvite forhold til tillatne former som høver til dialekten hennar frå Lesja.*

Nynorsk sjølvsgt

- *Det var triveleg og overraskande å få denne prisen. Eg vart veldig glad og kjenner det som ei ære, seier Astrid Brekken. – For meg har det aldri vore snakk om noko anna enn nynorsk. Å spørje meg om kvifor eg brukar det er som å spørje kvifor eg vart fødd på Lesja. Nynorsk er sjølvsgt for meg, seier Brekken.*

Lettbeint, laus og ledig

Nynorsk som underhaldningsspråk er emne for debatten i "Medietimen" i Ørsta, i samband med utdelinga av Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar.



Frå venstre: Hilde Sandvik, Fredrik Steen, Agnes Ravatn og Halvor Folgerø

"Medietimen" er samlenamnet på prisutdelinga og debatten som NRK Nynorsk mediesenter har ansvaret for under Dei nynorske festspela. I panelet sit Halvor Folgerø, Agnes Ravatn og Fredrik Steen. Samfunnsredaktør Hilde Sandvik i Bergens Tidende er ordstyrar.

Frå Radio Røynda til Hildegunn Moltubakk

Halvor Folgerø er journalist i NRK og humorist i tospann med Finn Tokvam i "Radio Røynda", revyen "Vestlandsrevyen" og boka "Tyl". Folgerø er også programleiar i "Førkveld" på NRK 1.

Agnes Ravatn er forfattar og journalist i Dag og Tid, der ho for tida skriv om kva ho finn i hyllene på Narvesen, i serien "Folkelesnad".

Fredrik Steen har og bakgrunn som journalist, men mest kjend som komikar og for rollefiguren Hildegunn Moltubakk.

Finst det nynorsk humor?

Dei skal debattere humor og lettbeint journalistikk på nynorsk. Finst det "nynorsk humor" og er språket godteke som eigna til "lettare" emne, både av nynorskfolk og andre? Det er nokre av spørsmåla vi ynskjer svar på i Ørsta.

Kvar vert nynorskpraktikantane av ?

Per 23. juni 2010 har vi lært opp 60 nynorskpraktikantar, og 78,4 % av dei har heil- eller deltidsarbeid i media. 40 av dei arbeider i NRK. Fjorten har fast arbeid i media, tolv i NRK.

I NRK er det tidlegare nynorskpraktikantar i Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, Kulturnytt, NRK.no, musikkredaksjonen i NRK P2, i NRK P3, FBI, NRK Super, Torget (intranettet i NRK) og ved distriktskontora i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Trøndelag og Nordland.

Fire tidlegare nynorskpraktikantar er avisjournalistar og fire andre er informasjonsfolk.

På nettsida www.nynorskmediesenter.no prøver vi å ha oppdaterte oversikter over kva tidlegare nynorskpraktikantar arbeider med.

Tolvte kullet – 04.01. til 30.06. 2010.



Frå venstre: Astrid Marie **Grov** (1984), har praksis i NRK Dagsnytt og held fram der som tilkallingsvikar. Ingvil Aen **Torpe** (1982) praksis i NRK Hordaland og har sommarjobb i yr.no og ut.no. Kristin **Vestreim** (1982) har praksis i Musikkredaksjonen i NRK P2 og får vikariat ut året. Mari **Langva** (1986) i NRK Trøndelag og held fram der i sommarjobb. Gunn Evy **Auestad** (1986) har praksis i NRK Sporten.

Elleve kullet – 24. 08. 2009 til 28. 02. 2010



Frå venstre : Mathias **Oppedal** (1985), vikar i NRK Rogaland, Aleksander **Vallestad** (1983) vikar i NRK Hordaland, Sara Myhren **Kornberg** (1987), sommarvikar i NRK P3, Simon **Solheim** (1990), vikar i NRK Sogn og Fjordane og Bjørn Ivar **Voll** (1985) sommarvikar i NRK Dagsnytt.

Tiande kullet – 05. 01. til 30. 06. 2009



Frå venstre; Ingunn **Thon** (1986), er fast tilsett som produksjonsassistent i NRK Super, Malin Olivia **Dahlberg** (1982) er tilkallingsvikar i NRK Kulturnytt, Ingvild **Ryssdal** (1983) er vikar i NRK Alltid Nyheter og Dagsnytt, Anna **Gytri** (1984) er vikar i NRK Sogn og Fjordane og Siri Kleiven **Strøm** (1987) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og studerer administrasjon- og organisasjonsvitenskap ved Universitetet i Bergen.

Niande kullet – 25. 08. 2008 til 28. 02. 2009



Frå venstre Steinarr **Sommerset** (1983), fast tilsett i ei verksemd i England som utviklar tv-spel, Samina **Bruket** (1985) er fast tilsett i NRK Rogaland, men for tida i Bergen som programleiar for ein ny fjernsynsserie kalla "Norske røter". Ann-Iren **Finstad** (1980) er vikar i NRK Kulturnytt. i P2. Magnus **Stokka** (1985) er fast tilsett i NRK Rogaland og Erling Molt **Korsnes** (1984) er vikar i Trafikkredaksjonen på Tyholt.

Åttande kullet 3.01. – 30.06.2008



Marit Holmquist **Fenne** (1980) er fast tilsett journalist på Torget, intranettet i NRK. Elin Thingvoll **Berge** (1980) er medielærar i Stavanger, Olav Arne **Nedrelid** (1978) er vikar i NRK Møre og Romsdal, Roger Sevrin **Bruland** (1977) er tilkallingsvikar i NRK Utanriks og Eivor **Brandseth** (1985) fullførde ikkje på grunn av sjukdom.

Sjuande kullet 03.09.2007- 29.02.2008



Eva Marie **Felde** (1981) er informasjonsmedarbeidar ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, Eline Buvarp **Aardal** (1984) studerer russisk i Kviterussland og skal vere sommarvikar i NRK Sogn og Fjordane. Håvard **Tvedte** (1981) er bibliotekar i Stortinget. Ingunn **Viken** (1980) er frilansjournalist og Ivar **Folkedal** (1983) er tilkallingsvikar i NRK Nyheter og skal til hausten ta mastergrad i journalistikk ved Universitetet i Oslo.

Sjette kullet 03.01 - 29.06.2007



Gunhild **Sølvberg** (1978) arbeider som lærar i spansk og engelsk i Sørums kommun, Yngvill Kolset **Haga** (1980) er tilkallingsvikar i NRK P2, Mona **Vetthus** (1975) er programleiar for poesiprogrammet "Diktafon" i NRK P2. Ragnhild **Bjørge** (1977) er vikar som reporter og reportasjeleiar i NRK Dagsnytt og Inger **Tveito** (1985) arbeider ved Lovisenberg sjukehus.

Femte kullet 04.09.2006 – 02.03.2007



Bjarte **Vik** (1986) utdannar seg til lærar. Marianne **Feste** (1981) er hyra som bykoordinator for TV-aksjonen i Bergen. Gøril **Furu** (1984) er fast tilsett i Musikk- og nattredaksjonen på Tyholt. Frå hausten av skal ho ha eitt års permisjon for å ta mastergrad i TV-produksjon ved Boston University, USA. Ingrid **Hognaland** (1986) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og studerer økonomi og administrasjon ved Høgskulen i Bergen. Vidar **Eidhammer** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Rogaland.

Fjerde kullet 03.01.2006 – 01.07.2006



Asgeir **Reksnes** (1979) er fast tilsett i NRK Sogn og Fjordane, Bergit Sønstebø **Svendseid** (1984) er fast tilsett som informasjonskonsulent i LNU, Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjonar. Erlend Blaalid **Oldeide** (1984) er fast tilsett i NRK Sogn og Fjordane, Ingrid Z. **Aanestad** (1983) er forfattar og Øystein **Windstad** (1983) studerer statsvitenskap ved NTNU og er tilkallingsvikar i Adressavisa og Trønderbladet.

Tredje kullet 01.09.2005 – 03.03.2006



Sølve **Rydland** (1984) er vikar i NRK Hordaland, Marita **Haugo** (1982) er fast tilsett i Drammens Tidende, men får ikkje skrive nynorsk. Gisle **Forland** (1981) er fast tilsett i NRK Nordland, Karoline **Kalstveit** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og student ved Arkitekthøgskulen i Bergen og Håvard **Hamnaberg** (1978) er overingeniør i ressursseksjonen i NVE, med fornybar energi som spesialfelt.

Andre kullet 02.01.05 - 01.07.05



Solveig **Hareide** (1983) er programleiar for det nye matteprogrammet Kosinus i NRK1. Ho er fast tilsett. Eli **Vaage** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og har debutert som forfattar. Ingebjørg **Bø** (1977) er fast tilsett i Telemarksavisa, Birte Njøs **Horne** (1984) er fast tilsett i NRK og skal arbeide med sendinga frå TV-aksjonen i haust. Janne-Marit Myklebust **Falck** (1981) er fast tilsett journalist i avisa Møre.

Første kullet 01.9.2004 – 28.02.2005



Eli **Bjelland** (1981) er fast tilsett i NRK Dagsnytt. Knut Åge **Teigen** (1970) er fast tilsett prosjekt-leiar i produksjonsselskapet Snøball Film, og lagar mellom anna undervisningsfilmar for Utdanningsdepartementet. Svein Ove **Hansli** (1976) er fast tilsett og vaksjef i Dagsrevyen. Maria **Rivedal** (1981) er fast tilsett i NRK P3 og produsent for programmet "Bestevenn med Erlend og Steinjo" og programutviklar i NRK P3. Inger Johanne **Sæterbakk** (1981) er fast tilsett informasjons- og marknadskonsulent ved Hålogaland teater.

Visjon og verdjar

”Stolt nynorsk”

er visjonen til NRK Nynorsk mediesenter. Vi skal medverke til at nynorskfolk vert stolte og glade i dialekten og språket sitt. Gode nynorskbrukarar i radio, fjernsyn og på Internett gjer oss stolte av språket vårt og røtene våre. Vi skal ale opp fleire gode, nynorskbrukande føredøme i etermedia.

Det finst ikkje meir eigna kanalar for spreiiing av nynorsk identitet og språkleg godtaking enn radio, fjernsyn og Internett.

NRK Nynorsk mediesenter skal og medverke til at nynorskbrukarar flest blir trygge nok til å bruke språket sitt, og såleis auke det språklege og kulturelle mangfaldet i medie- og samfunnsdebatten.

”Dyktig - frodig – framfus”

Dette er verdiane NRK Nynorsk mediesenter byggjer på. Dei skal seie noko om kva vi vil vere og kva som skal prege både dei som arbeider her, og dei som får opplæringa si ved senteret. Det skal vere kvalitet i alle ledd, slik at **dyktig** vert omdømet til NRK Nynorsk mediesenter.

Nynorsk er meir enn eit språk; det er ein identitet, ein kultur og ei historie. Ein trygg språkleg og kulturell ståstad er viktig for å vere open for nye impulsar, og for å ta sjølvstendige val. Nynorsk språk og kultur har ein **frodig** tradisjon som NRK Nynorsk mediesenter skal byggje vidare på for å gje nynorsken innpass på nye område.

Nynorskbrukaren må vere dyktig for at språket ikkje skal bli brukt mot han. Difor nyttar det ikkje å stå med hua i handa, ein må vere litt **framfus** i den positive tydinga av ordet: Våge å merke seg ut, stå for noko og vere noko.

POSTADRESSE:

NRK Nynorsk mediesenter
Postboks 100,
6801 Førde

BESØKSADRESSE:

NRK Nynorsk mediesenter,
NRK Sogn og Fjordane
Prestebøen 2,
6800 Førde

ELEFON:

Leiar : 57 72 42 30
Faglærarar : 57 72 42 74
Sentralbord: 57 72 42 42
Telefaks: 57 72 42 75

E-POST:

nynorskmediesenter@nrk.no

NETT:

www.nynorskmediesenter.no